

Kultur- og likestillingsdepartementet
postmottak@kud.dep.no

Innspel til strategi for kulturfrivillighet og regionale kulturfond

Om FolkOrg

FolkOrg vart stifta i november 2009 som ei samanslutning mellom Landslaget for Spelemenn (stifta 1923) og Norsk Folkemusikk- og Danselag (stifta 1987). I dag har organisasjonen i underkant av 4500 enkeltmedlemmer, 160 lokale og regionale lag og arrangørar. Blant medlemmene finst både dei som har folkemusikken og folkedansen som ein fritidsaktivitet, og dei som heilt eller delvis lever av det.

FolkOrg har som føremål å arbeide for folkemusikken og folkedansen i Noreg ved å styrke deira rolle og vilkår i samfunnet, og med det fremje både kulturarv og god folkehelse.

FolkOrg arbeider for mange målgrupper: lokale lag, dei profesjonelle utøvarane, barn, unge, eldre, kulturskular og arrangørar. Vi samarbeider med utdanningsinstitusjonane, folkemusikkentera og andre organisasjonar på feltet. I tillegg samarbeider vi med andre musikk- og kulturorganisasjonar. Eit særtrekk og ein styrke ved folkemusikk og -dansemiljøet er at mange av aktivitetane går på tvers av generasjonar. Dette er aktivitetar ein kan drive med gjennom eit heilt liv, og folk i miljøet omgåst heile tida på tvers av generasjonar og samfunnslag.

FolkOrg har tre hovudarrangement; Landskappleiken, Landsfestivalen i gammaldansmusikk og Folkelarm. Vi gir ut magasinet Folkemusikk.

FolkOrg tek utgangspunkt i dei lokale musikk- og dansetradisjonane. Dei lokale variantane av slåttar, songar og dansar blir førte vidare frå éin generasjon til den neste. Slik sikrar vi dei lokale særtrekka ikkje døyr ut, og slik tek vi vare på den nasjonale kulturarven vår. Det er ingen andre enn Noreg som har ansvaret for å forvalte vår folkemusikk og -dans. Utøvinga av folkemusikken og folkedansen er ein sentral del av den immaterielle kulturarven vår, som Noreg har forplikta seg til å ta vare på gjennom ratifiseringa av Unescos konvensjon om immateriell kulturarv. Unesco set *utøvinga* av tradisjonen i høgsetet, og då er det mange aktørar som er avhengige av kvarandre. Vi

må framleis ha instrumentmakarar for å ha noko å spele på. Vi treng arkiva for å hente materiale og inspirasjon. Vi treng lokallaga til å ta vare på tradisjonen og for å dyrke talenta innanfor folkemusikk og -dans. Vi treng dei profesjonelle utøvarane for å vere førebilete og gi opplevingar og opplæring, og arrangørar som gir utøvarane jobbar og publikum opplevingar. Vi treng utdanningsinstitusjonane for å gi opplæring. Alle er avhengige av kvarandre – det er eit økosystem.

Brei deltaking og tilgang på kunst og kulturaktivitet i heile landet

For å kunne delta i kunst- og kulturaktivitetar er eit grunnleggande kriterium at ein må vite at kunstarten og kulturaktiviteten finst. Det kan høyrast banalt ut, men om du aldri har hørt om t.d. folkemusikk, vil du neppe kome på ideen om å spele hardingfele. Det er ikkje alle som veks opp i ein heim der ein blir tatt med på kulturopplevingar, den kulturelle kapitalen er ulikt fordelt. For å bidra til at fleire får oppleve ei breitt utval av kulturuttrykk av høg kvalitet, er tilbodet i barnehage og skule viktig. Tilbodet må vere av same kvalitet og mengde i heile landet. Overgangen frå Rikskonsertane til DKS førte til at det vart færre konsertar i skulen, og med det mindre moglegheit til å vise fleire sjangrar. Det vart samstundes slutt på at Rikskonsertane sentralt produserte fleire konsertar og ein er no meir avhengig av at musikarane sjølv tek risikoen med produksjonen. For at opplæringa i musikkfaga og dei andre estetiske faga i grunnskulen skal vere god, er det avgjerande å ha lærarar med høg kompetanse i dei faga.

Det er vidare viktig at kulturskulane har eit breitt tilbod av ulike kunstsjangrar, slik at valmoglegheitene er til stades. Kulturskulane er viktige samarbeidspartar for frivillig kulturliv, kanskje spesielt for frivillig musikkliv. Opplæringa gjeng ideelt føre seg i kulturskulane, medan det sosiale og samspel i t.d. spelemannslag tek laga seg av. I kommunar der ein ikkje har tilbod om opplæring i kulturskulane, vil ein viktig del av økosystemet ikkje vere til stades.

Anten ein er på jakt etter aktivitetar for seg sjølv eller sine born, er det viktig at tilbodet der ein bur er synleg og er ope og inkluderande. Det er ein jobb både for det offentlege og for laga som er ansvarleg for aktiviteten. Tilbodet Ungfrtid.no er ein god start på det, så må vi i organisasjonane bli enda betre på å få laga til å legge inn sin aktivitet.

For å kunne oppleve kultur av ulikt slag trengs gode arrangørar. Desse er ofte frivillig drivne. Desse må ha rammer som gjer det leveleg å drive på ein god måte. Det blir stadig høgare krav til profesjonalitet og med det meir krevjande å gjere det på fritida. Kostnadene ved å arrangere veks og stadig meir tid blir brukt til å söke tilskot. Det å ha regionale ressursar som kan bidra her, vil

kunne lette det arbeidet. Det kan de lese meir om under avsnittet om Offentlege tilskotsordningar og tiltak.

Møteplassar og tilgang på egna kulturarenaer for aktivitet, læring og opplevelingar

Kulturlivet treng lokalar både til øving og framføring. Desse lokala må vere egna til føremålet, både kva akustikk, golv, storleik, lagerkapasitet, tilgjengeleghet (både fysisk og ledig tid) angår. Dei må dessutan ikkje koste meir enn kva det frivillige kulturlivet kan betale. Det finst mange døme på flotte kulturhus som blir bygga, men som får så høge inntektskrav at dei ikkje kan leige ut til frivillig kulturliv til ein pris desse kan betale. Det er i dag stor skilnad i tilbodet i den enkelte kommune, dette kan ikkje vere så tilfeldig.

Vi vil difor tilrå at:

- Kulturlova må bli tydelegare når det gjeld ansvarsfordeling mellom kommune, fylkeskommune og stat. Loven må vise til kommunens planverk for arenaer og bruk av areal. Det gjeld både arenaer som berre er til kulturbruk og lokalar som har fleirbruk.
- Det må kome eit krav i Plan- og bygningsloven om at alle kommunar må ha ein plan for sine kulturarenaer og dei må involvere kulturaktørane i planprosessar og byggeprosjekt.
- Det må vere krav om at dei norske standardane nyttast der det finst egna (som til dømes Norsk standard for musikklokalar – NS 8178 og den internasjonale standarden for musikkøvingsrom NS-ISO 23591) og utvikle standardar der det ikkje finst.
- Å utvikle kompetansen på kva som er eigna lokalar. Gjerne gjennom ei rettleiing for dei norske standardane.

Vi kjem ikkje utanom at det må løyvast pengar til satsinga på eigna kulturlokalar. Vi vil då tilrå:

- Å auke løyvingane til dei etablerte ordningane som finst, som t.d. Kulturrom.
- Kulturens del av spelemidlane og føremålet med bruken må forskriftsfestast.
- Full momskompensasjon til kulturarenaer på lik linje med idrettsarenaer.
- Tilskot til oppgradering og vedlikehald av organisasjonseigde bygg.

Samspel mellom den profesjonelle og frivillige kulturen

Vi har allereie nemnt fleire gonger at den frivillige kulturen er ein del av eit økosystem, der både profesjonell kultur, arrangørar, opplæring, utdanning, arkiv og det offentlege heng saman med den frivillige kulturen. Utan kunstnarane ville vi slitt med det frivillige kulturlivet. Gjennom dei får vi oppleve kunsten, dei er førebilete og dei gir opplæring. Tilskotsordningane for dei profesjonelle er difor relevante for det frivillige kulturlivet. Dei må ta høgde for samarbeidet med frivillig kulturliv. Talet på og storleiken på kunstnarstipend kan vere avgjerande for kor mykje engasjement kunstnarane har råd til å ha for det frivillige kulturfeltet.

Det er hardt å vere kunstnar, anten du er musikar, dansar eller kunstnar innan andre sjangrar. Dei har ofte måtte kjempe for å få anerkjenning for at dette er ein jobb og at dei treng å få betaling. Tilskotsordningane for kunstnarane har hatt fokus på at det skal gå til kunstnarleg verksemd. Det er på mange måtar bra, men samstundes kan det gjøre samarbeidet med dei frivillige vanskelegare. Tilskotsordningane må ikkje vere til hinder for det.

Det frivillige kulturlivet er ein viktig arbeidsgjevar for det profesjonelle kulturlivet. Både lag som treng musikalske leiarar og instruktørar, og arrangørar av som bookar artistar til konsertar.

I tillegg finst det fleire døme på at profesjonelle utøvarar kan vere honorerte artistar på eit arrangement, medan dei på eit anna deltek gratis og på frivillig basis.

Vi treng både regionale kulturfond og regionale strukturar for å til eit godt samarbeid. Det vil vi kome attende til seinare i dokumentet.

Offentlege tilskotsordningar og tiltak

Regionale strukturar

For at den immaterielle kulturarven, som folkemusikken og folkedansen, skal haldast levande, trengst god infrastruktur på både nasjonalt, regionalt og lokalt nivå. Eldsjeler og enkeltpersonar er utruleg viktige for feltet. Det er dei som held liv i tradisjonane gjennom den lokale aktiviteten, men det blir for sårbart om Noregs forpliktingar med tanke på

Unescos konvensjon om immateriell kulturarv skal baserast berre på det. Vi treng faste strukturar for å få kontinuitet og samhandling i arbeidet, og for at beskrivne ambisjonar skal kunne følgjast opp.

I 2020 initierte den førre regjeringa ein strategi for folkemusikk og folkedans, den vart aldri fullført, men folkemusikk- og folkedansfeltet gjennomførte ei rekke med innspelsmøter, for laga, for utøvarane, for arrangørane og eit om utdanning, opplæring og forsking. Vi har på bakgrunn av innspela vi då fekk, laga eit grundig notat vi har sendt til KUD – som vi håpar de tar opp at i dette arbeidet. Eit sentralt funn frå alle møta var at vi treng å sikre stabile strukturar nasjonalt og regionalt.

Det er på regionalt nivå det er flest manglar, behovet er sterkest og potensialet størst. Gode nettverk med sterke folkemusikksenter, folkemusikkarkiv, festivalar, distriktsmusikkarar og områdelag kan skape store synergieffektar og med det ta vare på og utvikle den immaterielle kulturarven.

Ei satsing på regionale senter/knutepunkt vil styrke heile økosystemet. Frivillig verksemde blomstrar kring profesjonelle verksemder som folkemusikksenter, folkemusikkarkiv og festivalar, og desse treng energien frå det frivillige feltet. Vi er heilt avhengige av kvarandre for å få vidareført tradisjonane, rekruttert nye utøvarar og publikum, og få folkemusikken og folkedansen ut til folket. Vi ser gode døme på det kring [Folkemusikk Nord](#) og [Midt-Norsk senter for folkemusikk og folkedans](#).

Vi treng difor driftstilskot til den slags regionale senter, og kan med det løyse ut mykje aktivitet.

Tilskotsordningar

Styrk eksisterande ordningar!

Det finst allereie tilskotsordningar for det frivillige kulturlivet som fungerer godt, men som trengs å styrkast. Vi kan nemne Frifond, KOMP, Kulturrom og kommunale tilskot. I tillegg er det viktig å nemne momskompensasjon. Det har vore ei gledeleg auke i momskompensasjon til frivillige organisasjonar, men vi er ikkje i mål før ordninga blir rettighetsfesta.

Rydd i bruken av tippemidlar

Det er på høg tid at det blir rydda i bruken av kulturandelen av tippemidlane, slik vi har nemnt tidlegare. Her vil vi vise til innspel frå Norsk musikkråd om det.

Prosjekttilskot versus driftstilskot

Det er i dag lettare å få prosjekttilskot enn driftstilskot. Det gjer at det er vanskelegare å arbeide langsiktig. Arbeidet blir dessutan til dels styrt av kva prosjektmidlar ein kan få. Det går mykje tid til både å søke midlar og å rapportere i etterkant. Det bør i større grad bli ordningar som gir driftstilskot.

Tilskotsordningar til profesjonelt kulturliv

Som nemnt tidlegare så er dei profesjonelle kunstnarane viktige for det frivillige kulturlivet.

Tilskotsordningane for dei profesjonelle har difor effekt for det frivillige kulturlivet.

- Talet på kunstnarstipend og storleiken på dei må aukast.
- Tilskotsordningane i Norsk kulturfond må styrkast.

Regionale kulturfond

FolkOrg har, som ein av organisasjonane i Arrangørforum, vore med på å lansere ideen med regionale kulturfond og det er gledeleg at regjeringa har etablering av regionale kulturfond som en del av si regjeringsplattform.

Som regjeringa skriv i Prop 1 S for Kultur- og likestillingsdepartementet er målet med regionale kulturfond å styrke samspelet mellom profesjonelt og frivillig kulturliv, i tillegg til å forsterke lokal og regionalt kulturfrivillighet.

Vi har ikkje tru på å bygge opp nye strukturar for forvaltninga av regionale kulturfond, og meiner difor at fylkeskommunane er godt eagna til å forvalte ordninga. For at regionale kulturfond skal treffe best mogleg meiner vi det er avgjerande at det blir sett ned tildelingsutval for å sikre kompetanse, nærliek og dialog med målgruppa. Det er eit viktig premiss at regionale kulturfond skal kome i tillegg til og være uavhengig av eksisterande tilskotsordningar på kulturfeltet.

Noreg er eit langstrakt land med ulike demografi i dei ulike landsdelane, og behova til kulturlivet kan vere ulike etter kor ein held til. Vi har difor tru på å tilpasse regionale kulturfond etter kva som trengst dei ulike stadene. Det viktige er at tildelingsutvala er sett saman med folk med rett kompetanse og nærliek til feltet.

Ei god oversikt over eksisterande tilskotsordningar på både nasjonalt, regionalt og lokalt nivå vil gi eit tydeleg bilde av kva som manglar, slik at regionale kulturfond supplerer og ikkje overlappar eksisterande ordningar. Samarbeid mellom profesjonell og amatør er eit viktig moment her.

Vi har tru på at regionale kulturfond vil kunne løyse ut et stort potensiale i kulturlivet i det ganske land, og at det vil styrke både det frivillige og profesjonelle kulturtildobet, auke mangfaldet, både blant dei som utøver og dei som opplever og totalt sett, og gi et større kulturtildob. Men det er avhengig av at fondet er på ein storleik som faktisk gjer ein forskjell.

I februar 2022 sendte FolkOrg, saman med resten av Arrangørforum, Norsk Musikkråd og Norsk kulturforum, eit innspel om innretning av regionale kulturfond. Vi sa da at Regionalt kulturfond burde starte med 50 millionar kroner og auke gradvis til 150 millionar i 2027. Vi trur framleis på at vi bør opp på ein slik storleik for at fondet skal ha ein reell verknad.

Det er viktig at ordninga ikkje blir meir byråkratisk enn høgst nødvendig og at den blir enkel å søke på. Det kan vere ein idé å skilje mellom mindre og større prosjekt, der til dømes prosjekt under 50 000 kr i søknadssum har ein enda enklare søknadsprosess.

For å summere opp om regionale kulturfond:

- Regionale kulturfond må kome i tillegg til og vere uavhengig av eksisterande tilskotsordningar.
- Dei kan gjerne bli forvalta av fylkeskommunane, men det er viktig at det blir sett ned tildelingsutval med nærliek til og stor kompetanse på feltet.
- Ordninga må ha ein storleik som gjer at ho faktisk gjer ein merkbar forskjell og effekt for kulturlivet, slik at vinninga ikkje går opp i spinninga.

Med venleg helsing

Linda Dyrnes
Dagleg leiar